

Viser til brev datert 28.8.2015, der Hordaland Fylkeskommune varslar om høyringsperiode for framlegg til planprogram for regional transportplan Hordaland (2018-2029). Uttalen til planprogrammet er ikkje handsama politisk, men Fjell kommune vil med dette gje faglege innspel der vi tek omsyn til politiske signal.

### **Formål, rammer og verknad**

Utarbeiding av regional transportplan (RTP) for 2018-2029 er ein regional strategiplan for transportsektoren i Hordaland.

Planarbeidet har bakgrunn i regional planstrategi som vart vedteke i fylkestinget i desember 2010. Den la føringar for at det skulle utarbeidast ein regional transportplan. Det vart lagt til grunn at planen skulle rullerast kvart 4.år, og at handlingsprogrammet skulle rullerast årleg.

Planprogrammet skisserar formål og verknader, og gjev ein oversikt over både nasjonale og regionale rammer. Det vert vist til målformuleringar i RTP frå 2013-2024, eventuelle justeringar av desse måla for perioden 2018-2029 skal gjerast i det vidare planarbeidet. For å nå målsettingane skal RTP innehalde strategiar som legg grunnlaget for handlingsprogrammet og konkrete tiltak. Fjell kommune er i denne samanheng oppteken av at mål og tiltak vert utarbeida i samarbeid med kommunane. Vidare organisering av arbeidet må derfor ha fokus på lokal forankring.

### **Statleg ansvarsområde og riksvegnettet**

Prosessane med utarbeiding av nasjonal transportplan (NTP) og regional transportplan (RTP) vil vera samanfallande, og regional transportplan 2018 – 2029 vil difor ikkje kunna fungera som eit innspelsdokument til NTP 2018 – 2029. Fylkeskommunen vil gje sine formelle innspel til NTP-prosessen gjennom høyringa av etatsframlegget våren 2016. Arbeidet med fylkeskommunale prioriteringar og innspel mot dei statlege transportetatane vert såleis gjort i samband med nasjonal transportplan (NTP) og ikkje gjennom Regional transportplan.

Riksvegane er hovudårene i det nasjonale vegnettet. Deira rolle er å binde saman landsdelar og regionar. Samstundes har riksvegane viktige regionale og lokale funksjonar. Sjølv om riksvegane ligg utanfor fylkeskommunen sitt direkte ansvarsområde, er det likevel naudsynt å vurdere riksvegane si rolle i det samla transportsystemet i fylket.

For Fjell kommune er eit vedtak av reguleringsplan for Sotrasambandet (Rv555) avgjerande å lande, og sjølv om den ikkje inngår som del av RTP vil kommunen signalisere behovet for at regionen står samla i denne saka.

### **Plantema**

Fjell kommune meiner at uttalen til planprogrammet for RTP må sjåast i samanheng med kommunestyret sin uttale til regional areal og transportplan (ATP) i sak 102/15, den 26. november.2015. Vedtaket i den saka kan kort oppsummerast med at regionale planar i større grad må ta høgde for lokal utvikling og vedtekne planar, t.d. kommuneplanen.

Følgjande utvalte tema og utgreiingsbehov er særst viktige for Fjell kommune:

Fylkesvegnettet. Planprogrammet presenterer fem vurderingskriteria som skal leggjast til grunn for todelinga av fylkesvegnettet (overordna og øvrige). Ei strekning vart definert som overordna dersom eitt eller fleire av desse kriteria vert oppfylte. Kommunen meiner det er bra å tydeliggjera kva fylkesvegar som skal prioriterast og kva kriteria dette bygger på. Eit samla kommunestyre vedtok 18. juni 2015 arealdelen til kommuneplanen. Den bygde på fleire overordna prinsipp, mellom anna prinsippet om å inkludere vestsida av Sotra (Fv210) i det prioriterte fylkesvegnettet. Ei satsing på denne vegstrekninga er også trekt fram som ei av dei viktigaste

politiske målsettingane for den neste kommunestyreperioden (Arbeiderpartiet og Høgre). Det vidare planarbeidet må vurdere fylkesveg 210 i Fjell på nytt i forhold til desse kriteria.

Fjell kommune saknar eit punkt som inkluderer framtidige vegplanar, og korleis skal desse prioriterast og kva funksjon desse skal ha sett i samanheng med eksisterande overordna vegnettet i regionen. Eit slikt punkt vil også kunne sjåast i samanheng med vurdering av risiko og sårbarhet (beredskap) og næringslivsutvikling i regionene.

Vegnormalane, og vurdering av standardkrav. Avklaring av handlingsrom er eit viktig punkt å få avklart for å få mest mogleg effektive og føreseielege prosessar. For Fjell kommune er dette høgaktuelt når det gjeld dei pågåande reguleringane av ny hovudvegstruktur, nord og sør på Sotra, men er også viktig med tanke på satsinga på gang- og sykkelveg og trygg skuleveg.

Vedlikehald av vegstrekningar og bruer. Dette punktet meiner Fjell kommune at det er viktig å sjå i samanheng med arbeidet med vurdering av standardheving (vegnormal) og prioriteringane som skal gjerast i handlingsprogrammet til planen. Fjell kommune har ei rekke Fv som er ferdig regulerte og eit stort behov for opprusting av desse. Fjell kommune har i vedteken trafiksikringsplan prioritert tiltak som vil bli innspel/tema seinare i prosessen.

Sykkel og gange. Fjell er samd i behovet for å auke fokuset på dette temaet som er avgjerande for å møte målet om færre privatbilreiser og arbeidsreiser.

Framtidig kollektivlinjenett. Arbeidet med RTP skal omfatte eit framlegg til framtidig hovudlinjenett for kollektivtrafikken i Hordaland. Fjell kommune har med prinsippa for stamlinjer og hovudlinjer i RTP 2013-2024 fått eit nødvendig løft i kollektivsatsinga, men meiner tilbodet må vidareutviklast og at Vestsidevegen (Fv210) må bli ein av dei prioriterte traseane for kollektivtrafikk. I tillegg til å styrke busslinjene saknar Fjell kommune fokus på behovet for utgreiingar på kva potensialet det er for persontransport sjøvegen i Hordaland, og då særskilt i Bergensområdet som har eit stort press på infrastrukturen. For å få til ønska utvikling er det heilt avgjerande at innfartsparkering får auka fokus.

Transport i Bergensområdet. Planprogrammet legg til grunn at mål frå Klimaforliket og gjeldande RTP 2013-2024, om Nullvekst i personbiltransporten i Bergensområdet, vert vidareført. Fjell kommune ønskjer å vera ein kommune som bidreg til desse målsettingane, men vil samtidig vektlegge at dette er målsettingar og at virkemiddele for å nå desse måla må vera tilpassa realiteten i omlandskommunane. I og med at planprogrammet gjer det klart at *ein bymiljøavtale for Bergen berre vil omfatta Bergen kommune, og ikkje Bergensområdet.* Og vidare at *utfordringar knytt til transport mellom byen og omlandskommunane vil måtte løysast gjennom andre grep enn ein heilskapleg bymiljøavtale* har Fjell kommune forventningar om at nettopp skilnaden på Bergen og omlandskommunane blir satt fokus på i det vidare arbeidet. For å lykkast med ein RTP for Hordaland er det derfor avgjerande at den vidare prosessen blir godt forankra i kommunane.

### **Organsinering, lokal forankring og prosess**

Fjell kommune vil under dette punktet sjå til erfaringane med den regionale ATP. Som eit resultat av den regionale planstrategien i 2010 er det lagt ned eit stort arbeid i å utarbeide regional planar. Mange av desse får store konsekvensar for lokal forvaltning. For å unngå konflikter er det viktig å spele på lag med kommunane i utarbeidinga av planane. Planprogrammet bør vise korleis dette er tenkt gjennomført.

### **Oppsummering**

Fjell kommune er ein kommune i vekst med planar og ambisjonar om å vera del av ein region som skal møte veksten og utvikle berekraftige samfunn. Kommunen har eit velfungerande regionsenter med eit attraktivt og mangfaldig omland. Ågotnes peikar seg ut som eit viktig lokalsenter med ei innovativ næringsklynge som drivkraft. Fjell kommune og regionen i vest har eit mangfaldig næringsliv som er svært opptatt av rammebetingelser og tilrettelegging av infrastruktur for å lukkast, jf. ny Rv 555 Sotrasambandet og nye Fv 561

nord og Fv 555 sør. Kommunen treng drahjelp frå regionalt og nasjonalt nivå for å kunna legge til rette for vekst og ei god utvikling av næringslivet i regionen, spesielt i fht infrastruktur på veg og sjø.

Fjell kommune ønskjer med dette å støtte framlegget til planprogram, men samtidig peike på viktige fokusområde for Fjell kommune i det vidare planarbeidet.